



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 25. mars 2014 kl. 09.00 – 11.00
Stad: Rådhuset
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Anna K. Valle og Rolf Henning Hegland
Forfall: Unni Andersen Sæbø – 1. vara kunne ikkje møte
Innkalla: Fungerande assisterande rådmann Janne Sund til sakene 13/14 og 14/14, eigedomssjef Therese Urdahl Braseth til sak 13/14 og personalsjef Ole Georg Hoaas til sak 14/14
Frå revisjonen: Tone Dahle til sakene 15/14 og 16/14
Sekretær: Bent Gunnar Næss

10/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

11/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 11.02.14 vart godkjent.

12/14 Skriv og meldingar

- Kommunestyret sitt vedtak i forvalningsrevisjon barnevern – 06.02.14 – sak 04/14
- Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Lindås kommune – 14.02.14

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

13/14 Status for byggerekneskap Seim skule

Fungerande assisterande rådmann og eigedomssjef gav ein kort status for tidsplan for framlegging av rekneskap.

Skulen er ferdig bygd, men ikkje uteområde. Det vil bli lagt fram eit prosjektrekneskap for bygginga av skulen og riving av gamle skulen. Dette prosjektet har eit underforbruk. Administrasjon vil foreslå at deler av dei unytta budsjetterte midlane kan nyttast til uteområde. Det vil bli lagt fram eit prosjektrekneskap for Seim skule på neste formannskapsmøte.

Ser på ein ny mal for rapportering av prosjektrekneskapen for å få fram betre nøkkeltal og kunne bruke det i seinare prosjekt.



Kommunestyret har vedteke rammebudsjettering innafor investering. Kontrollutvalet får ein orientering i neste møte frå administrasjon om korleis kommunestyret sitt vedtak om rammebudsjettering vert praktisert.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning og ønskjer å få lagt fram rekneskapen for Seim skule på neste møte saman med ein gjennomgang av korleis kommunestyret sitt vedtak om rammebudsjettering vert praktisert.

14/14 Kommunestyret sitt vedtak i sak 127/13 – 19.12.13 – økonomiplan 2014 – 2017 – pkt 2 om etablering av eit omstillingsprogram

Når kommunestyret vedtok økonomiplan for 2014 – 2017 i sak 127/13 så vart det vedteke følgjande punkt 2:

«For å sikra langsiktig berekraftig økonomi er det naudsynt å redusera driftskostnadene. Det skal etablerast eit omstillingsprogram som omfattar heile den kommunale drifta. Dette skal skje i tett samarbeid med politisk og administrativ leiing, dei tilsette og deira organisasjonar. Omstillingsprogrammet skal vera eit forpliktande fellesprosjekt mellom politikk og administrasjon, og det er viktig å ha ei felles forståing for kva som er målet med programmet. Programmet skal innbefatta m.a. organisering, struktur, tenestenivå og eventuell konkurranseutsetting.

Nærare mandat og prosess skal etablerast snarast. Avklaring av endeleg mandat og prosess skal skje i dialog mellom formannskap og administrativ leiing, så tidleg som mulig i 2014. Formannskapet skal og ha ei sentral rolle i den vidare prosessen med omstillingsprogrammet.»

Saka har vore til handsaming i formannskapet 09.01.14. Formannskapet har der gitt eit meir presist mandat til rådmann. Der er målet for programmet vedteke og formannskapet skal vere referansegruppe for prosjektet. Endeleg program skal ligge føre innan 01.11.14. Det skal gjerast politisk vedtak i samband med handsaming av endeleg program og økonomiplan i desember 2014.

Administrasjon ved fungerande assisterande rådmann og personalsjef gav ein orientering om status for omstillingsprogrammet:

- Det er nedsatt ei arbeidsgruppe med personar frå administrasjon og tillitsvalde
- Det er jobba med å forankre behovet for kostnadsreduksjon. Det skal lagast ei oppsummering for alle einingane.
- Dette skal syast saman til ein rapport
- Hovudrapport skal leggast fram 01.11.14 saman med budsjett og økonomiplan. Det vil vere fortløpande rapportering underveis.
- Det vil bli sett på bestillar utfører modellen – vil få ein gjennomgang av dette av eit eksternt firma. Ser spesielt på pleie og omsorg.
- Formannskapet skal ha informasjon om prosjektet på kvart møte
- Føler at prosjektet er godt forankra i organisasjonen
- Dersom det er konkrete saker som krever politisk handsaming så vil det bli lagt fram fortløpande.



- Prosjektet skal gå fram til 2017 så dette vil vere ein prosess som vil gå over lang tid.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

15/14 Forvaltningsrevisjon – Plan- og byggesaksbehandling

Revisor orienterte om staus for prosjektet.

- Intervju runden er starta opp
- Har plukka ut enkelte saker som ein ser nærmere på
- Gjorde greie for korleis utvelging av «profesjonelle» søkerar er tenkt
- Reknar med å kunne følgje tidsplan og ha ferdig rapport til 16. mai

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

16/14 Forvaltningsrevisjon – «Ny brannstasjon»

Revisor orienterte om staus for prosjektet. Prosjektet er starta opp med innhenting av informasjon.

- Intervjurunden er starta opp
- Dokumentasjon er gjennomgått
- Reknar med å kunne følgje tidsplan og ha ferdig rapport til 30. april

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

17/14 Forvaltningsrevisjon – kva prosjekt bør ein prioritere å starte opp til hausten?

Sakstilfang: Plan forvaltningsrevisjon

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon med følgjande prosjekt som prioriterte:

- Pleie og omsorg
- Bestillarkontoret
- Barnevern
- PPT
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Innkjøp og kontraktsoppfølging
- Oppfølging av tilskott
- Kommunen sitt kvalitetssystem/internkontroll
- Sakshandsaming – byggesaker og plansaker

Kontrollutvalet diskuterte kva prosjekt som er mest naturleg å prioritere først.
Det var forslag om å sjå på



- Tilskott og refusjonar – ser på korleis kommunen føl opp det område

I tillegg vart det bestemt å ha ein selskapskontroll på Lindås Tomteselskap AS. Det er tidlegare vedteke i plan for selskapskontroll.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at revisjonen til kontrollutvalet sitt møte 27. mai legg fram ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som ser på tilskott og refusjonar og ein plan for selskapskontroll av Lindås Tomteselskap AS.

18/14 Gjennomgang av møteprotokollar fra politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

19/14 Eventuelt

Fagdag om KOSTRA 24. april – Anna K. Valle vil delta.

Neste møte er 6. mai kl 09.00.

Saker til neste møte:

- Rekneskap og årsmelding
- Orientering om kommunestyret sitt vedtak om rammebudsjettering i investeringsprosjekt.
- Prosjektrekneskap for Seim skule

Det vart også bestemt eit møte tysdag 27. mai. Der vil forvaltningsrevisjonsrapportane om brannstasjon og sakshandsaming innafor byggesak.

Knarvik 25.03.2014

Øystein Reidar Moldeklev, leiar

Bent Gunnar Næss, sekretær